



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokneråd

LIKESTILLINGSDEP.	
321,00	
Dato:	26/6-07
Saksnr:	200701773-021

Barne- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Balestrand, 25.06.2007
Vår sakshandsamar: Jostein Risa
Vår ref.: 07/00026-002
Arkivkode: 008

Høyring - Felles ekteskapslov for likekjønna og ulikekjønna par. Høyringsfråsegn frå Balestrand sokneråd.

Type høyringsinnstans: Sokneråd i eittsoknskommune.

Fråsegna vart vedteken i møte 20.juni 2007, **Sak 031/07 S Framlegg til uttale frå soknerådet vedrørande ny ekteskapslov**. Dei 5 frammøtte rådsmedlemene står samrøystes bak høyringsfråsegna .

Høyringsfråsegn vedrørande framlegg til ny ekteskapslov

Fråsegna gjeld Barne- og likestillingsdepartementet sitt framlegg til felles ekteskapslov for likekjønna og ulikekjønna par med høyringsfrist 1. september 2007. Soknerådet ønskjer at ekteskapet skal blir opp-prioritert og ikkje omdefinert, slik som framlegget til ny ekteskapslov legg opp til. Sidan nær halvdelen av alle vigsler går føre seg i kyrkja, er det naturleg at soknerådet engasjerer seg i saka. Sjølv om sokneråda ikkje står på høyringslista til lovframlegget, ønskjer Balestrand sokneråd likevel å koma med ei høyringsfråsegn. Først gjer me kort greie for nokre trekk ved dette høyringsnotatet.

I kapittel 4 i notatet blir det drøfta kva eit ekteskap er for noko. Filosof Tove Pettersen presenter og problematiserer fleire tilnærmingar til ekteskapsomgrepet. På s. 20 seier ho: "Dersom "mulighet til reproduksjon" skal være det avgjørende kriterium for hva et ekteskap er, kan man heller ikke regne ulikekjønnsrelasjoner hvor partene ikke kan få barn som ekteskap". Og vidare på s. 21: "Å anvende et reproduksjonskriterium på én gruppe (de lesbiske og homofile), men ikke på en annen gruppe (de heterofile) fremstår som inkonsistent". Me vil heller peika på følgjande: Eit heterofilt par kan få barn saman, to kvinner eller to menn kan ikkje få barn saman. Dette er ein kvalitativ ulikskap. For å nytte eit bilete: Eit frø kan spira; dersom det ikkje er noko frø tilstades, er spiring utelukka i utgangspunktet.

I dette kapitlet tek notatet også for seg korleis det er å veksa opp i eit likekjønna forhold. Me siterer frå s. 29: "Det er ingen forskjell mellom barn oppvokst i likekjønnspar og barn som har vokst opp i heterofile familier. Det er ingen forskjell i barnas evne til å få eller beholde venner, i psykisk og sosial velbefinnende eller når det gjelder kjønnsutvikling. Dette betyr at foreldrenes seksuelle identitet ikke påvirker barnets kjønnsutvikling". Dette er ein vågal konklusjon. På prinsipielt grunnlag skal det ikkje meir til enn eitt moteksempel til for å gjera påstanden ugyldig.

Sosiolog Sigurd Skirbekk nemner i sitt innlegg på det opne møtet i bioteknologinemnda 23.november 2006 at når det gjeld forskning på oppvekst med lesbiske mødre så er ikkje det statistiske grunnlaget ideelt og at tidsperspektivet i alle høve ikkje går lenger attende enn til 1970-åra. Dette kjem då også til synes i notatet ved at ytterst få vitskapelege arbeid om dette

temaet blir nemnt. Men når det gjeld oppvekst for gutar utan farskontakt seier Skirbekk at det ikkje er vanskeleg å dra konklusjonar. Det er rimeleg klart at kvinneleg omsorg ikkje erstattar farsfråværet; oppvekst under slike vilkår gjer at gutar ofte ikkje får den kjønnsidentiteten som farsnærveret gjev, dette blir også kalla "Male Gender Disturbance". Me meiner at dette er med og svekkar påstandane i høyringsnotatet.

I notatet ser ein også til land som tillet at to av same kjønn er "gift" med ein annan. På s. 31 og 32 er det Spania som er i fokus og det verkar som det er spanske tenestemenn/politikarar som blir sitert. Der blir det sagt at det spanske samfunnet samlivsmessig er meir dynamisk enn tidlegare. Adjektivet dynamisk har opphav i det greske ordet for kraft. I Spania føder kvar kvinne i gjennomsnitt 1,2 born (samla fødselstal). For at folketalet skal halda seg oppe på sikt utan innvandring må dette talet vera på omlag 2,1. Kanskje dynamisk ikkje er det ordet som skildrar situasjonen i Spania best.

På s. 35 summerer departementet opp med å seia at det ikkje er nokon grunn til at ekteskapslovgjevinga skal gjera skil på folk ut frå ei seksuell orientering. Her vert det vist til utreiar Tove Pettersen som ut frå likestillingsideologi meiner at det ikkje er nokon grunn til å skilja mellom likekjønna og ulikekjønna kjønnsrelasjonar. Men når først denne konklusjonen er på plass, så blir ekteskapsinstitusjonen eit argument i seg sjølv for at homofile kan adoptera, dei er jo "gifte" med einannan. For born som måtte veksa opp under slike tilhøve meiner departementet at dei har det like bra som andre born. Men dei tek atterhald om at det er sider ved denne problemstillinga som ikkje er forskbar. Er dette eit slags alibi for at det ein ikkje veit, det kan ein heller heller bli kritisert for? Balestrand sokneråd meiner derimot at det er alvorleg å la born få oppvekstvilkår som ein ikkje kjenner konsekvensane av på sikt.


I avsnitt 5.3 er temaet assistert befruktning. Også her finn ein igjen argumentasjonen at ved å omdefinera ekteskapet til å også gjelda mellom to av same kjønn, så har det som konsekvens at assistert befruktning er ei relevant problemstilling. Dette er spesielt. Ein etablerer ein institusjon som frå naturen si side ikkje kan gje opphav til born. Men for å løysa dette så opnar ein m.a. for inseminasjon og prøverørsbehandling. Når det er to menn det er tale om reiser dette andre problemstillingar. Metoden kan her vera eggdonasjon og bruk av surrogatmor. Dette vil ikkje departementet gå inn for no, men ser at det kan vera ei aktuell problemstilling ved ein seinare krossveg (s. 64).

Det er elles mykje å seia om dette framlegget, men soknerådet i Balestrand opplever at fleire problem blir skapt enn løyst. Kvifor ikkje heller styrkja ekteskapet mellom kvinne og mann? Å leggja til rette, også økonomisk, for at borna får god kontakt med mor og far. Demografisk bør alle tiltak som styrkjer mor-far-barn-tilhøvet vurderast. Fødselstala i Noreg er for tida ikkje berekraftige på lang sikt.

Balestrand sokneråd vil peika på at ekteskapet er ei skaparordning. (Dette blir då også nemnt i utgreiinga frå teolog Erling J. Pettersen som ein finn i avsnitt 4.3 i framlegget. Men dette avsnittet står heilt åleine idémessig og det er vanskeleg å sjå at det har konsekvensar for lovframlegget.)

I 1. Mos. 1,27-28a står det: "Så skapte Gud mennesket i sitt bilete, til mann og kvinne skapte han dei. Og Gud velsigna dei og sa: "De skal veksa og aukast, fylla jorda og leggja henne under dykk..." For borna er altså ekteskapet mellom mann og kvinne den gudgjevne ramma. I dei ti boda (2.Mos. 20, 2-17 og 5. Mos. 5, 6-21) finn ein også sterkt vern for ekteskapet. Det fjerde bodet lyder slik: "Æra far din og mor di, så skal du få leva lenge i det landet Herren din Gud gjev deg" og i det sjetteste står det: "Du skal ikkje bryta ekteskapet".

Framlegget frå departementet bryt såleis klart med vår kristne kulturarv. Samstundes opplever Balestrand sokneråd at argumentasjonen for å omdefinera ekteskapet til også å gjelda to av same kjønn ikkje er overtydande. Me trur difor at dette lovframlegget ikkje er tenleg for samfunnet.

med helsing

Jostein Risa
Kyrkjeverje / Dagleg leiar

Kopi av fråsegna til Bjørgvin bispedømeråd, som står på lista over høyringsinnstansar.